



>>> INFORMASJON FRÅ BYGLAND KOMMUNE <<<

BYGLANDSNYTT

Med hjarta i Bygland

**Lihkku beivviin! Læhkoeh biejjine! Vuorbbe biejjijn!**

Gratulerer med Samenes nasjonaldag 6. februar



BYGLAND UNGDOMSRÅD PÅ SAMARBEIDSTREFF PÅ HOVDEN

LES MEIR - S. 10 <<<

Tradisjonen tru inviterar BUA Bygland og Bygland frivilligsentral barn og ungdom i Bygland til felles skikøyring i vinterferien.

ENERGIEFFEKTIFISERING OG EIGENREGISTRERING PÅ NETTET



MERKEDAGAR FEBRUAR 2026:

- fredag 6. februar: Samenes nasjonaldag
- sundag 8. februar: **Morsdag**
- tysdag 17. februar: Skidag på Brokke for barn og ungdom i Bygland

>>> LES MEIR - S. 2

Ungdomsråda i Setesdal med innhaldsrike dagar på Hovden, i regi av Bykle kommune, Setesdal regionråd og koordinatorane for dei ulike råda.

BUA BYGLAND - SKIDAG PÅ BROKKE 17. FEBRUAR

>>> LES MEIR - S. 5 OG 6

Nye digitale verktøy og løysingar skal gjere livet til innbyggjarane enklare: Energieffektivisering med Gadder og eigenregistrering for Kartverket

**Gratulerer med dagen
til alle mødrer i Bygland**





ORDFØRAREN SI SIDE

ORDFØRAREN MED PÅ SAMLING TIL UNGDOMSRÅDA I SETESDAL

ORDFØRAREN I BYGLAND,
RUNAR GRANHEIM

UNGDOMSRÅDA I HEILE DALEN SAMLA PÅ HOVDEN

Ungdomsråda i Setesdal hadde to innholdsrike dagar på Hovden, i regi av Bykle kommune, Setesdal regionråd og koordinatorane for dei ulike råda.

Bygland ungdomsråd deltok saman med ungdom frå Åseral, Evje og Hornnes, Valle og Bykle for å bygge relasjonar og vidare styrkje det politiske samarbeidet. Den første dagen handla om sosialt samspel og å bli betre kjende med kvarandre. Det var eit variert program med sosiale aktivitetar, omvising på Jernvinningsmuseet og besøk i Hovden Fjellbad.

Korleis blir ein ein god politiskar?

Dag to var sett av til temaet «Korleis bli ein god politiskar?». Tidlegare stortingsrepresentant Gro-Anita Mykjåland leia dagen saman med Simon Netland frå Ungdommens fylkesutval.

Deltakarane arbeidde både i grupper innanfor eget ungdomsråd og i fellessamlingar. Fleire av ordførarane i Setesdal – som alle sit i styret for regionrådet – var også til stades.

Koordinator for Bygland ungdomsråd, Anette Hovstad, og ordførar i Bygland, Runar Granheim, deltok gjennom heile samlinga og tek med seg viktige innspel frå ungdommane heim att.



Ungdomsråda i dalen og Setesdal regionråd samla på Hovden nyleg, og med fylkesordførar Arne Thommassen på skjerm i bakgrunnen. Foto: Bykle kommune

REDAKSJONSNOTAT BYGLANDSNYTT NR. 78

- **Ansvarleg redaktør:** Simon Ellingsberg - **Redaktør:** Susanne Hegenscheidt; Oleh Moskalov
- **Bilete:** Framside: Birkeland/Bygland kommune; Innhald (m.m. anna er spesifisert): A. Fauske, S. Hegenscheidt; Kva skjer: Rakkenes/Knut Danielsen; Bygland kommune
- **Arkiv:** bygland.kommune.no/byglandsnytt

Byglandsnytt februar 2026: 03.02.2026, skrivefrist 29.01.

Send tips til post@bygland.kommune.no - merknad: Byglandsnytt



OPNINGSTIDER BYGLAND KOMMUNE

BYGLAND KOMMUNEHUS



- Sentralbord/Publikumsmottaket: tlf. 37 93 47 00 mån-fre kl. 10.00-14.00
- NAV: tlf. 55 55 33 33 - mån-fre kl. 08.00-15.00
- NAV Bygland: drop-in på torsdagane kl. 12.00-14.00;

EVJE OG BYGLAND LEGESENTER



- Sentrale: tlf. 37 40 79 00 - **Legevakt tlf. 116 117**
telefontider mandag – fredag kl. 08.30 – 11.30 og kl. 13.00 – 15.00
- BYGLAND LEGEKONTOR, SENTRUM 18, 4745 BYGLAND
tysdag og torsdag kl. 08.00 - 15.00;
 - EVJE LEGEKONTOR, LJOSHEIMVEGEN 5, 4735 EVJE
mandag - fredag kl. 08.00 - 15.00;

EVJE TANNLEGEKLINIKK



- Tilbod om tannbehandling får du på Evje tannklinikk.
Evje tannklinikk: tlf. 37 93 01 95
Nils Heglands veg 40, 4735 Evje (2. etasje til venstre)

FOLKEBIBLIOTEK I BYGLAND



- Bibliotekar: Mari Rygg, tlf. 945 22 025
Vi har eit godt utval av bøker, tidsskrift, lydbøker og filmar for alle. Vi har òg Setesdølen og bygdebøkane Bygland gard & ætt.

På Bygland er det høve å sjå vikingutstillinga og kopi av Hylestadportalen. Du kan òg tinge vikingsmykke i biblioteket sine opningstider.

OBS! Folkebiblioteket er feriestengt i veke 8 (16.-22.02.)

BIBLIOTEK PÅ BYGLAND, SENTRUM 16, 4745 BYGLAND

- måndagar kl. 10.00 - 14.00
- onsdagar kl. 10.00 - 16.30
- torsdagar kl. 09.00 -12.30 og 14.30 - 17.30

BIBLIOTEK PÅ BYGLANDSFJORD, STASJONSOMRÅDE, 4741 BYGLANDSFJORD

- måndagar kl. 16.30 - 19.00
- tysdagar kl. 9.00 - 14.30





POLITISKE MØTE - FEBRUAR 2026



- **Kommunestyremøte: 12.02. kl. 09:00**
- **Bygland ungdomsrådsmøte: 27.02. kl. 11.30**



Livestreaming av og lydfiler frå kommunestyremøte

Vi ønskjer å vere ein open og transparent kommune. Difor blir kommunestyremøta streama direkte. Du kan og finne opptak frå tidlegare møte under **Politikk og innsyn** på heimesida vår: **bygland.kommune.no**

LEDIGE STILLINGAR

FERIE-/SOMMARVIKARAR 2026 - BYGLAND KOMMUNE, HELSE OG OMSORG (20 – 100% vikar)

Bygland kommune har behov for dyktige og pliktoppfyllande sommarvikarar til eining helse og omsorg sommaren 2026.

Søknadsfrist: 09.03.2026

Sjå annonsen på Webcruiter; ID: 5053346416

SOMMARGUIDE 2026 - SETESDALSMUSEET (100%; 22.06.-09.08.2026)

Har du lyst til å vere med på å vise fram setesdalskulturen i sommar?

Setesdalsmuseet søker vertar og guidar til museet på Rysstad og til fleire av våre museum og tun i dalen, bl.a. Bygland museum. Om du trivast med å vere gjestfri og imøtekomande overfor gjestar, og er interessert i Setesdals kulturhistorie, har du sjansen til å få ein spennande, lærerik og variert sommarjobb.

Søknadsfrist: 01.03.2026

Sjå annonsen på Webcruiter; ID: 5069224384

RÅDET FOR ELDRE OG PERSONAR MED FUNKSJONSNEDESETTINGAR



STRØSAND/SINGEL TIL PENSJONISTER

Treng du som er pensjonist strøsand kan du hente gratis hos teknikk stasjonen til Bygland kommune på Nesmoen. Ta frå haugen under halv take. Er strøsandforrådet tomt tek kontakt med teknisk sjef Trond Skjeggedal på tlf. 94 82 60 03.

INGEN KONTANTBETALING PÅ EVJE OG BYGLAND LEGESENTER LENGER

Det er ikkje lenger mogleg å betale kontant på legesenteret. Den nye betalingsterminalen tek kun kort, eller val av faktura sendt per post (+10 kr i gebyr).

PENSJONISTFORBUNDET: RÅD OG TIPS - DEN DIGITALE KVARDAGEN DIN

Synest du det er komplisert å logge inn, og bruke digitale løysingar? Du er ikkje åleine! Ved å meistre digitale verktøy, slepp du å gå glipp av viktig informasjon, og bli unødvendig isolert. **pensjonistforbundet.no/rad-og-tips/din-digitale-hverdag**

SAMFUNN


ENDRA INNSPELSFRIST FOR REGULERINGSPLANEN BYGLANDSFJORD SENTRUM - NY FRIST 30.01.26

Fristen for innspel til reguleringsplanen for Byglandsfjord sentrum blei utsatt til fredag 30. januar. Informasjonsmøtet om reguleringsplan for Byglandsfjord sentrum 19. januar på Pakkbua vart sparka i gang med ei kort samanfating av status for planarbeidet frå saksbehandlaren til kommunen.

Av dei 38 oppmøtte bebuarane på Byglandsfjord var det mange som hadde spørsmål rundt reguleringsarbeidet i tillegg til innspel til reguleringsforslaget. Saksbehandlar var imponert over kor mange som kom, og over engasjementet og dei gode diskusjonane.

På møtet vart det spurt utsett frist for innspel til reguleringsplan, og ny frist er no sett til **30.01.26**.

Fylkeskommunen har komme med fleire viktige krav og innspel til den nye planen. Dette kan forseinka prosessen noko, men behandlar i fylkeskommunen viser stort engasjement for å bidra med kompetanse og støtte. Før kommunen og fylkeskommunen har vore i nærare dialog, kan det vere vanskeleg å stadfeste når me kan sjå for oss vedtak av ny plan. Oppdatering vil komme.



Rådgjevar plan Vemund Gulbrandsen
Foto: Bygland kommune

GRATIS VERKTØY SKAL GJERE ENERGI EFFEKTIVISERING ENKLARE FOR INNBYGGJARAR I AGDER

Plattformen Gadder vart gjort tilgjengeleg for alle kommunar og innbyggjarar i Agder i 2025/2026 og er gratis å bruke for alle.

Agder fylkeskommune har i samarbeid med kommunane i Agder gjort det digitale verktøyet Gadder tilgjengeleg for alle innbyggjarar i fylket. Målet er å gjere det enklare og meir lønsamt for folk å energieffektivisere eigen bustad.

Gadder gir oversikt over energibesparande tiltak tilpassa di bustad, kva dei kostar, kor mykje du kan tene på investeringa, og kva støtteordningar som finst gjennom Enova. Verktøyet koplar deg òg saman med lokale, seriøse leverandørar som kan gjennomføre tiltaka, samt bankar som tilbyr gunstig finansiering.

Verktøyet er gratis og jobbar KI-basert.

Bygland kommune har eigen side på Gadder: **bygland.gadder.no**

SAMFUNN

KLIMA- OG MILJØPROGRAMMET I JORDBRUKET

Statsforvaltaren i Agder har fått 500 000 kroner i 2026 til regionale tiltak innan klima- og miljøprogrammet. **Ordninga rettar seg mot fag- og næringsorganisasjonar samt utgreiings- og forskingsmiljø, ikkje vanlege jordbruksføretak.**

I 2026 blir det prioritert prosjekt som handlar om:

- informasjon om konsekvensar av gjødselbruk-forskrifta
- tiltak og kunnskapsdeling om reduksjon av klimagassutslepp og klimatilpassing
- tiltak for å redusere avrenning til vassdrag med dårleg vasskvalitet
- nye miljøtiltak som reduserer belastning frå landbruket
- betre ressursutnytting i jordbruket
- jordkunnskap og jordhelse
- auka karbonlagring i jord
- ivaretaking av biologisk mangfald og kulturminne

Målet er at kunnskap raskt skal nå ut til næringa, styrkje rådgiving og forvaltning, og synleggjere jordbruket si miljøinnsats.

Søknadsfrist for midlane i Agder er 10. mars, og søknad skal sendast via Altinn.

For meir informasjon: statsforvalteren.no/nb/agder/Landbruk-og-mat/Jordbruk/Miljotiltak/Klima--og-miljoprogrammet-i-jordbruket/



Bilde: NLR Agder

KARTVERKET OPNAR EIGENREGISTRERINGSLØYSINGA 09.02.2026

Kartverket opnar 9. februar 2026 ei ny løysing for eigenregistrering av eigedomsopplysningar. Tenesta blir tilgjengeleg for privatpersonar som eig eller fester bustad eller fritidsbustad, men gjeld ikkje for eigarar av burettslagsandelar eller aksjeleilegheiter.

Med eigenregistrering kan eigarar og festarar sjølv leggje inn utvalde opplysningar om eigedomen sin i matrikkelen, i tillegg til det kommunen allereie har registrert. Kartverket informerer brukarar regionvis via digital postkasse og SMS. Kommunane blir varsla gjennom fylkeskartkontoret, men eigarar kan få informasjon tidlegare dersom dei eig eigedom i andre kommunar.

Kommunar og andre brukarar får tilgang til desse opplysningane gjennom eit nytt API, og dei blir òg synlege i matrikkelbrevet og mellombels i matrikelklienten. Kartverket har publisert informasjon og rettleingsmateriell på nettsidene sine og i Nextcloud, fritt til bruk for kommunane.

For meir informasjon: kartverket.no/eiendom/mine-eiendommer/egenregistrering



KULTUR



KOPI AV HYLESTADPORTALEN PÅ BIBLIOTEKET PÅ BYGLAND

På biblioteket på Bygland kan ein sjå ein kopi av Hylestadportalen, utskoren i tre av Jon Sandbu. Det er dattera Astrid Sandbu og nvøen Vidar Toreid som har lånt ut portalen til kommunen. Hylestad stavkyrkje vart riven på 1600-talet, og det er ikkje mykje ein veit om denne i dag. Men stavkyrkja er likevel vidgjeten på grunn av Sigurd Fåvnesbane-motiva på den eine av dei to kyrkjeportalane som vart teken vare på ved at dei vart sette inn i andre bygningar og difor kunne innlemmast på 1800-talet i samlingane til Universitetets Oldsaksamling i Oslo. Hylestadportalen har no ein viktig plass i Kulturhistorisk museum i Oslo.

BYGLAND GARD OG ÆTT BIND 8 -11 ARBEIDET MED DEI NESTE BANDA AV BYGLAND GARD OG ÆTT GÅR FRAMOVER.

Torgeir Moseid i sogenemnda og forfattar Johnny Østreim har uttala seg i Setesdølen om arbeidet med bygdesoga sine neste bind. Band åtte og ni, som handlar om



Bygland til Lauvdal, skulle eigentleg kome i 2025, men har blitt utsette. Dette skuldast vanskelege kjelder, særleg nyare materiale som er underlagd teieplikt. I tillegg gjer mange like namn i bygda identifiseringsarbeidet krevjande.

Kulturdelen til alle fire komande band er derimot ferdig, og band ti og elleve – om Longerak, Grendi og Neset – er venta å bli klare i løpet av året.

Målet er at alle fire banda skal vere ferdige og leverte innan utgangen av 2026.

Østreim reknar med å vere ferdig med skrivinga i løpet av vinteren, før korrektur og trykking.

Det blir òg jobba med ei eiga bok om Byglandsfjord og Vassend, skrive av Reidar Larsen. Han er godt i gang og arbeider vidare med stoff om næring og kultur, utan fast tidsfrist.

MUSIKK PÅ BYGLAND

Kong Hanes Eftf. Korøving:

onsdagar kl. 19-21, musikkrom på Bygland skule

Bygland Hornmusikk: Korpsøving:

tysdagar kl. 18-20, Bygland kulturscene

Bygland leikarring, Folkemusikk for dei yngste: måndagar kl. 16-16.30, Bygland ungdomsklubb

Meny i februar

5.stengt pga ferie ☀️

12.kjøttkaker

19.Komper

26.Middelhavs gryte

Husk å tinge!

sms eller ringe 93262168

BJØREN
BRYGGE

BJØREN BRYGGE

Februar

3.Herre Cafe

13.Pub til Pub & Dans på Ung.Huset

15.Fastelavens Åpent

27.Musikkbingo & Karaoke

Sjå eigen TorsdagsMeny !



HELSE OG OMSORG

Februar – program på Byglandsheimen

DAG	DATO	KLOKKE	AKTIVITET
Onsdag	4/2	11:00	Open Dag
Torsdag	5/2	14:00	Besøksvenn - Musikkbingo
Tysdag	10/2	14:00	Andakt
Onsdag	11/2	11.00	Open Dag
Onsdag	18/2	11:00	Open dag
Tysdag	24/2	14:00	Andakt
Onsdag	25/2	14:00	Open dag – Konsert kl. 1600 Maija Lindaas og Flora Wiederkehr
Torsdag	26/2	10:00	Evjetur

OPPVEKST

VINTERFERIE I VEKE 8: 16.-22. FEBRUAR

Me ønskjer alle barn og ungdom **GOD FERIE!**

Hugs skidagen på Brokke i regi av Bygland frivilligsentral
17. februar (sjå s. 10)



BYGLAND OG ÅRDAL SOKN

BYGLAND KYRKJELEGE FELLESRÅD

Sentrum 18, 4745 Bygland; bygland.kyrkje.no
og på FB

Prestvikar ut mars 2026: Inge Berg Pettersen

Kyrkjevevje: Anne Synnøve Ropstad: 90 91 66 64

Prostidiakon: Åse Gudrun Thortveit: 91685159



- **Gudsteneste:** søndag 15.02. kl. 11.00 i Sandnes kyrkje, Åraksbø
- **Andakt på Byglandsheimen:** tysdag 10. og 24.02. kl. 14.00
- **Dåpsseremoni:** søndag 15.02. kl. 14.00 i Årdal kyrkje, Grendi
- **Soknerådsmøte:** tysdag 03.02. kl. 18.00, Kyrjekontoret på Bygland
- **Treff:** Herre café, tysdag 03.02. kl. 12.00 -15.00, Bjoren Brygge, Presteneset, Bygland





BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND



BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND

Besøksadresse: Prestneset 2, 4745 Bygland

Postadresse: Sentrum 18, 4745 Bygland

e-post: post@bygland.frivilligsentral.no; bygland.frivilligsentral.no

Leiar: Anne Fauske, tlf. 94 51 07 70

Foreningsportalen: bygland.foreningsportal.no



Opne aktivitetar

- BUA Bygland (utstyrssentralen), bua.io, tlf. 94 50 28 58
- Utkøyring av middag to gonger i veka
- Innsats for andre, valfag for 8. klasse: Kan tilby praktisk hjelp heime.

Aktivitetar på Frivilligsentralen på Bygland

- Måndagscafe: måndagar i oddetalsveker kl. 12.00 - 14.00 (09. og 23.02.)
- Bygdemiddag: tysdagar i oddetalsveker kl. 16.00 - 17.30 (10. og 24.02.)
- Bingo: tysdagar i partalsveker kl. 18.00 - 20.00 (03. og 17.02.)
- Strikkecafé: til vanleg 1. og 3. torsdag i månaden kl. 18.00 - 21.00 (i januar: 05.+ 19.02.)

Aktivitetar i Byglandshallen

- Styrketrening i Byglandshallen: kvar torsdag kl 13.00 - 14.30
- Teppebowls: torsdagar i oddetalsveker kl. 16.30 - 18.00 (13. og 27.02.)

Aktivitetar andre plasser

- Seniorsenter: annakvar måndag, kl. 11.00 - 14.00 – Pakkbua på stasjonsområdet, Byglandsfjord (02. og 16.02.)
- Bygland Mekkeklubb: måndagar kl. 17.00 - 20.00, Nesmoen 3, Bygland

BYGLAND UNGDOMSKLUBB

Klubbleiar: Kim Andre Nomeland Thorstensen, tlf. 984 69 989

Bygland ungdomsklubb, Sentrum 24, 4745 Bygland

- Måndagar: Juniorklubb (5 - 7 klasse; kl. 15.00 - 17.45)
- Onsdagar: Ungdomsklubb (8 klasse - 3. vgs; kl. 18.00 - 21.00)
- Fredagsklubb i Årdalshallen, Byglandsfjord: 5.-7.trinn (kl. 18.00 - 21.00; 1x/månad); **13.02.**



Følg med på Bygland ungdomsklubb si Facebook-gruppa for arrangement.

Med etterhald om endringar, v/ Husstyret og klubbleiar

Setesdalsmuseet



Vinterferieverkstad - onsdag 18. februar kl. 12.00 – 15.00

Slipekurs på Bygningsvernseter - onsdag 18. feb. 18.00 - 21.00

Setesdalsmuseet, Setesdalsvegen 3273, 4748 Rysstad



BYGLAND
FRIVILLIGSENTRAL
OG BUA BYGLAND



Skikjøring



La oss dra på

**BUA BYGLAND INVITERAR BARN OG
UNGDOM FRÅ 5 KLASSE OG OPPOVER
TIL GRATIS DAG I BROKKE ALPINSENTER**

**17.02. kl. 08.30 frå Byglandsfjord.
Bussen plukker deg opp fortløpande**

Me dekker: mat, ei brus og heiskort.

Me samarbeider med 4H. Er du medlem der, merk av ved påmelding.

<https://forms.office.com/e/UKinL99ELy>



PS: ME ER VELDIG GLAD FOR NOKRE VAKSNE FRIVILLIGE



TØMEKALENDER FOR BYGLAND KOMMUNE

SØPPELTØMING - FEBRUAR 2026

- **Matavfall og restavfall:** veke 6: torsdag 05.02.
- **Papir og plast:** veke 8: tysdag 17.02.
- **Matavfall og glass/metall:** veke 8: torsdag 19.02.



GJENVINNINGSTASJONER

- Nesmoen, Bygland: kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00–18.00 (11.02.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00–13.00 (28.02.)
- Syrtveit, Evje: Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00–19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00–13.00 (14.02.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS, e-post: post@smg-iks.no; heimeside: smg-iks.no, tlf. 901 94 724

KINO PÅ BYGLAND - FEBRUAR

BYGDEKINOEN PÅ BYGLAND KULTURSCENE

ONSDAG 25. FEBRUAR

KL. 17.30: HÅNDBOK FOR SUPERHELTER

6 år. 110 kr. Animasjon

KL. 19.30: KRAKEN

12 år. 130 kr. Thriller / Action



BYGLAND FILMKLUBB PÅ BYGLAND KULTURSCENE

SØNDAG 22.02 KL: 18:00
WEEKEND AT BERNIE'S (1989)
ALDERSGRENSE: 12 ÅR
KOMEDIE



TURISTINFORMASJON PÅ BYGLAND I STOGA KAFÉ

Presteneset 10, 4745 Bygland, tlf. 906 65 459

Stoga A/S leverar turistinformasjonstenesta i Bygland.

Her får du informasjon og turtipps, kaffe og snacks. Stoga arrangerer også kulturarrangement, og guida turar på førespurnad .
Vert og guide: Olav Grendstad. Ope fredag/sundag kl. 13 - 20



STOGA - BRYGGA - UNGDOMSHUSET KVELDSTOUROPPLEGG

- **Dikt- og ViseSTOGE:** Harald Eikeland og Bjarne Ormestad les dikt og syng mest viser - fredag 13. februar kl. 17.13 -17.51 (gratis)
- **Årsmøte Motvind Bygland** - torsdag 5. februar kl. 18.00; Stoga
- **Vinterferie på Stoga** ope kvar dag kl. 11 -17, sundagane kl. 13 -20
- **Human-Etisk Forbund, Setesdal:** Årsmøte. 25.02. kl. 18.30, (OBS!) på Revsnes Hotell. Inkl. samtale *Setesdal og demokratisk beredskap* mellom Sigurd Haugsgjerd, Geir Daasvatn og Olav Grendstad





KVA SKJER I BYGLAND

FEBRUAR 2026

(MED ATTERHALD OM ENDRINGAR)



Solnedgang ved Rakkeneset i Bygland
Fotograf: Knut Danielsen

DATO	ARRANGØR OG STAD	TID	KVA SKJER
tysdag 03.02.	Brygga og Soknerådet; Bjoren Brygge	kl. 12-15	Gentleman Coffee Corner / Herre Café
tysdag 10.02.	Byglandsheimen	kl. 14	Andakt
fredag 13.02.	Stoga kafé	kl. 17	Dikt- og Visestoge med H. Eikeland og B. Ormestad
fredag 13.02.	Ungdomshuset på Bygland	sjå FB	Pub & Dance
sundag 15.02.	Sandnes kyrkje, Åraksbø	kl. 11	Gudsteneste
16.-22.02.	Oppvekstsentera i Bygland		Vinterferie
tysdag 17.02.	BUA Bygland; Brokke skisenter	heile dagen	Skidag på Brokke (s. 10)
tysdag 24.02.	Byglandsheimen	kl. 14	Andakt
onsdag 25.02.	Bygdekinoen; Bygland kulturscene	kl. 17.30	Handbok for Superhelter (6 år)
onsdag 25.02.	Bygdekinoen; Bygland kulturscene	kl. 19.30	Kraken (12 år)
onsdag 25.02.	HEF; Revsnes hotell	kl. 18.30	Årsmøte; Samtale Setesdal og demokratisk beredskap

Arrangement i regi av Bygland frivilligsentral (t.d. Bygdemiddag) og Bygland ungdomsklubb: s. 9



VELKOMMEN TIL FAMILIEBADING!
Symjebassenget og badstoga på Bygland skule
tysdagar og fredagar kl. 17.00 -20.00
OBS! Feriestengt i veke 8 (16.-22.02.)

